

Årsmelding Gol kyrkjelege fellesråd

2015



ORGANISERING AV DEN LOKALE KYRKJA

Gol fellesråd består av 2 soknerådsmedlemer frå Herad sokn og 2 soknerådsmedlemer frå Gol sokn. I tillegg sit sokneprest og kommunal representant (formannskapsmedlem) i fellesrådet. Fellesrådet har oppgåvene med forvaltning av kyrkjer og kyrkjegardar samt personalansvar og det økonomiske ansvaret for drifta.

I 2015 har det vore kyrkjeval og nytt fellesråd trådte id rift 1. desember 2015

Fellesrådet har vore slik samansett fram til 1. desember:

	<u>Medleamar:</u>	<u>Varamedleamar:</u>
Leiar:	Ola Grønseth	Björg Ádnegard Slaatto
Nestleiar:	Magne Hoftun	Knut Halvor Engebakken
Medlem:	Trygve Lono Smedsgård	Anne Marie Rensel
Medlem	Gunn Kristin Magnetun Brennhovd	Laila Andersen Bakke
Sokneprest:	Jan Olav Skinnemoen	Camilla Osnes frå 4.august 2015
Frå kommunen:	Tore Dag Skjerdal	Heidi Granli

Frå 1. desember har fellesrådet hatt slik samansetning:

	<u>Medleamar:</u>	<u>Varamedleamar:</u>
Leiar:	Ola Grønseth	Ingrid Fosshagen Nibstad
Nestleiar:	Laila Andersen Bakke	Gerd Marie K. Storebraaten
Medlem:	Trygve Lono Smedsgård	Jorunn Viljugrein Stake
Medlem	Gunn Astrid Frøysok	Olveig Synnøve Engene
Sokneprest:	Jan Olav Skinnemoen	Camilla Osnes
Frå kommunen:	Heidi Granli - ordførar	Roger Toppen

Kyrkjeverja er sakshandsamar og sit som sekretær i Fellesrådet

FELLESRÅDET

§ 14 i Kyrkjelova gir følgjande oppgåver til fellesrådet:

”Kyrkjeleg fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgåver på vegne av sokna og utarbeide mål og planar for den kyrkjeleg verksemd i kommunen, fremja samarbeid mellom sokneråda og ivareta sokna sine interesser i forhold til kommunen.”

I praksis betyr dette oppgåver på desse områda:

- mål og planer
- økonomiansvar
- personalansvar og personalforvaltning
- drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar

Det gamle fellesrådet har i 2015 hatt 6 møte og handsama 44 saker. Det nye fellesrådet hadde eit konstituerande møte i 2015 og handsama 3 saker.

I tillegg til årlege saker som konstituering av rådet, rullering av økonomiplan, budsjett både for drift og investering, budsjettrevidering, status rekneskap og rekneskapavslutning, årsmelding, revisjonsrapport og lønsjusteringar har fellesrådet i 2015 handsama saker som:

- * Ny hellegang ved Gol kyrkje – finansiering og igangsetting
- * Nye mål og handingsplaner for IA arbeidet i perioden 2015-2018
- * Søknad om å behalde grav som er over 60 år
- * Høyringsuttale om Vegval for framtidig kyrkjeordning
- * Rapport etter vernerunde
- * Rapport etter HMS-revisjon

- * Bruk av utjavningsmiddel gitt til trusopplæringa
- * Informasjonsplan for kyrkjevalet 2015
- * Godtgjering for valfunksjonærar ved kyrkjevalet 2015
- * Klokkarteneste i Herad kyrkje
- * Kontraktsmal for utleige av kyrkjene
- * Justering av kyrkjegardskart felt B Gol kyrkjegard
- * Finansiering og evaluering av kyrkjevalet 2015
- * Søknad om gravstell på kyrkjegardane
- * Avtale om arbeidsutprøving frå VINN AS Hallingdal
- * Søknad om støtte til nytt piano på Gol bedehus

TILSETTE I 2015:

Fellesrådet har arbeidsgjevaransvar for desse stillingane:

Arne Braathen	kyrkjetenar	100 %
Knut Ole Klepp	reinholdar, kyrkjetenar	40 %
Berit Langehaug	sekretær	80 % - jobba i 50% av stillinga
Ingrid Økesveen	diakon	100 % - jobber i 80% , 20% AFP
Wera Waage Frogner	diakoniarbeider	20% - vikar for Ingrid Økesveen
Justin Vickery	kantor	100%
Britt Marie H. Hafsås	kyrkjelydspedagog	100% - 40% i Hemsedal
Anne Gerd Jorde	kyrkjeverje	100% - har arbeid 90% i 2015

Ingebjørg Flaget	klokkar	Timeløna
Tormod Skarsgard	klokkar	Timeløna
Birgit Hatten	klokkar	Timeløna
Gro Jordheim	klokkar	Timeløna

Alle desse er klokkarar i Gol kyrkje i tillegg til diakon Ingrid Økesveen som har litt klokkarteneste i stillinga si.

I Herad kyrkje er det kyrkjetenar Arne Braathen som har klokkartenesta inne i si stilling.

Britt Marie Haraldset Hafsås er tilsett i 100%, men 40% av stillinga tilhøyrer Hemsedal og blir refundert derfrå.

Jan Olav Skinnemoen er sokneprest i Gol, men er tilsett gjennom bispedømmerådet og ikkje fellesrådet sin tilsette. Camilla Osnes er tilsett som sokneprest i Hemsedal frå 04.08.2015 og har ein del tenester i Gol.

Vikarar for organist på frihelgar og ferie har vore Audun Haugeplass, Kåre Sørum, Ingebjørg Solhjell og Bjørg Aslaug Slaatto.

I tillegg har det vore sumarhjelp på kyrkjegarden – Halvor Knaldre i ca 4 veker og Olav Anders Engene i ca 5 veker. Leif Kristian Andersen var innleidd i 3 månader til flytting av gravminne. Av dette vart lønsutgifter for ca 6 veker belasta fellesrådet sitt budsjett.

Sumaren 2015 var det to personar frå VINN i praksisplass. Den eine utførte masse målearbeid i kyrkjene og den andre arbeidde på kyrkjegardane, men var også med på rundvask i herad kyrkje etter målararbeid. Dette er gratis arbeidskraft bortsett frå at arbeidet må leiast av kyrkjetenar og transporterast fram og attende etter som ingen av dei hadde bil.

REPRESENTASJON I ULIKE RÅD

Trygve Lono Smedsgård er vararepresentant i landsrådet for KA.

Anne Gerd Jorde sit i styret for Tunsberg kyrkjevevjerlag og dermed automatisk i TAF (Tunsberg Arbeidsgjevar Forum). Det er eit samarbeidsorgan mellom fellesrådstilsette og prestelina representert med biskop og stort sett folk frå bispekontoret.

KOMPETANSEUTVIKLING 2015

Kurs der enkeltpersonar har delteke:

- ❖ Landskonferane KA (2 av 3 dagar) - kyrkjevevjerje
- ❖ Regional arbeidsgjevarkonferanse arr. av KA - kyrkjevevjerje
- ❖ Fagdagar for administrativt tilsette (2 dagar) - sekretær
- ❖ Kurs i Questback – spørreundersøkingar osv - kyrkjevevjerje
- ❖ Fagdagar (2 samlingar – totalt 3 dagar) for diakonar i Tunsberg - diakon og diakoniarbeider
- ❖ Sjelesorg for barn og unge - trusopplærar
- ❖ Kurshaldarkurs i «Vandring gjennom Bibelen» - trusopplærar
- ❖ Trusopplæringskonferanse - trusopplærar
- ❖ Tverrfagleg samling arrangert av bispekontoret: «Fullt hus» i Larvik om gudstenester - prest, kyrkjetenar, trusopplærar og kyrkjevevjerje
- ❖ Tverrfagleg samling om dåp - trusopplærar
- ❖ Fagdag for kantorer og kyrkjemusikarar (2 dagar) - kantor
- ❖ Kurs for kantorer (2 dagar) - kantor
- ❖ Dei tilsette deltok på ulike møter og fagsamlingar i samband med bispevisitasen i Hallingdal i november.
- ❖ Det har også vore kurs/opplæring om kyrkjevalet.

Det har vore arbeid saman med IA- konsulent om kvar enkelt sine arbeidsoppgaver og korleis vi som stab kan hjelpe kvarandre i periodar med stort arbeidspress. Dette arbeidet er ikkje heilt ferdig, men fortsett utover våren 2016.

På gravferdsområdet vart det arrangert dialogmøte med alle kyrkjevevjerjer, gravferdsbyrå og alle trussamfunn på Storefjell hotell i oktober. Dette var eit fellesarrangement for Hallingdal og Valdres som kyrkjevevjerjene står for. Kyrkjevevjerja i Gol og i Hol hadde ansvar for arrangementet dette året. Jarle Skjennum frå Jølstad Begravelsesbyrå og Ghulam Abbas frå Al-Khidmat Begravelsesbyrå (muslimsk) hadde foredrag. Kyrkjetenar, sekretær og kyrkjevevjerje deltok på møtet/kurset.

Staben har hatt «Stabsdag» saman med Hemsedal to gonger i 2015. Den eine av desse dagane var i juni på Breidokktunet. Vi har utvida stabsmøter med tema og et saman og har sosiale aktivitetar til slutt. Den andre dagen var i oktober på hytta til Berit på Lauvset på Golsfjellet. Det har ikkje vore nokon stabsturar utover dette i 2015.

Kyrkjevevjerjene i Hallingdal har nettverk omtrent annakvar månad. Det same har trusopplærarane.

RESULTAT – DEI ULIKE FELLESRÅDSOMRÅDA

Kyrkjeleg administrasjon, kap. 41.

30% av sekretærstilling har stått vakant heile året

10% av kyrkjeverjestillinga har stått vakant heile året

Av saker som har vore arbeid med i 2015 kan nemnast:

- Førebuing, gjennomføring og etterarbeid med Kyrkjevalet 2015
- Rundt årsskifte 2014/2015 fekk vi på plass ny skrivar og kopimaskin. Dette er ei leasingavtale frå firma som IKT og kommunane i Hallingdal har avtale med
- Høyring om «Framtidig kyrkjeordning»
- Ny runde om finansiering av hellegang Gol kyrkje for å skaffe nok midlar
- Gjennomføring og oppfølging etter vernerunde i mars samt HMS revisjon
- Underteikna TONO-avtale. Det vil seia at vi ikkje lenger treng å sende inn melding om TONO avgift etter kvart arrangement
- Underteikna avtale med VINN om arbeidsutprøving
- Mange rapportar i forkant av bispevisitasen i november 2015
- Laga kontraktmal for utleige av kyrkjene som vart godkjent i fellesrådet hausten 2015

Utfordringar:

- Kontinuerlig arbeid for eit godt arbeidsmiljø.
- Ajourføre og vedlikehalde kyrkja si heimeside og facebookside
- Følgje med på sosiale mediar og legge ut stoff i dei rette kanalar
- Meir systematisk planarbeid med målsettingar
- Utvikle brukarundersøkingar ved ulike arrangement og kyrkjelege handlingar
- Utvikle vedlikehaldsplaner
- Skaffe nok økonomi både gjennom tilskot frå kommunen, men også via andre plassar det går å søke støtte frå
- Nok personale til god drift av kontoret

Kyrkjene, kap. 42

Av arbeid på kyrkjebygga i 2015 kan nemnast:

- Måling innvendig av vindaug Herad kyrkje (utført av person på avtale med VINN-gratis for kyrkja)
- Rundvask i store deler av kyrkjerommet i Herad kyrkje (med hjelp frå personar frå VINN)
- Årleg tilsyn og reperasjonar av taket på Gol kyrkje
- Vedtak om endringar i koret i Herad kyrkje (ikkje fått svar frå bispkontoret enno)
- Ny kompressor for sprinklinga i Herad kyrkje
- Pussa opp og fekk straum att i lyktene på porten ved Herad kyrkje
- Omkopling til nytt system for varmestyringa i Gol kyrkje

Utfordringar:

- Slutføring av rehabilitering i Gol kyrkje –sprinkling, brannvatn.
- Lekkasjar på taket på Gol kyrkje – finne løysingar og finansiere det
- Oppussing av alterring Gol kyrkje
- Utbetring av kloakken i Gol kyrkje
- Installering av projektor og lerret i kyrkjene – godkjenningsspross og val av utstyr

Har fått melding om at det stadig kjem nytt utstyr som kan nyttiggjerast i Gol kyrkje, men enno ikkje motteke forslag til kva utstyr som blir anbefalt og plassering av dette. (Saka ligg hjå forhandlar)

- Utreie moglegheiter for overføring av gudstenestene ut på sosiale mediar slik at folk kan få med seg gudstenesta heimanfrå- overføring til blant anna omsorgsbustader.
- Oppussing av dåpssakrestiet i Herad kyrkje- nye skap og løysingar
- Varmestyring i Herad kyrkje

Kyrkjegardane, kap.43.

Av arbeid som er gjort i 2015 kan nemnast:

- Årleg dugnad før konfirmasjon på begge kyrkjegardane
- Lagt ny hellegang ved Gol kyrkje med nødvendig drenering og opparbeiding av underlag
- Søkt om endring av gravkart felt B Gol kyrkjegard rad 10-13.(Saka ligg på bispekontoret)
- Gravstell av omtrent 80 graver – talet stig for kvart år
- Innkjøp av utstyr til bolting av gravminne
- Flytting av omtrent 135 gravminne
- Bolting/sikring av 40 gravminne
- Lovpålagt dialogmøte for trussamfunna saman alle kommunane i Valdres og Hallingdal

Utfordringar:

- Reperasjon av steinmur under hjørne på gravfelt A i Gol
- Vidareføring av planteplana Gol kyrkjegard
- Utbetring og skilting på stavkyrkjetomta
- Motorvarmar til gravemaskin og andre køyretøy ved «bingen» ved Herad kyrkjegard
- Vidare arbeid med flytting av gravminne på Gol og Herad kyrkjegard på grunn av omreguleringa.
- Nytt gjerde på sørsida av Gol kyrkjegard
- Asfaltering av parkeringsplassane
- Arbeid med ein eventuell utviding av Gol kyrkjegard og/eller minnelund på stavkyrkjetomta
- Nye vasspostar på Gol kyrkjegard

Andre kyrkjelege formål, kap.44.

Kyrkjemusikk

- Det er til saman arrangert 9 konsertar/sangkveldar i kyrkjene i Gol og Herad i 2015. Av desse er:
 - Salmekveld i Gol kyrkje i februar
 - 2 orgel lunsjkonserter i juni v/Justin Vickery
 - 1 konsert orgel og cello v/Justin Vickery og Anton Dymkov (Fårefestivalen)
 - Konsert med saksofonkvartett «Jutlandia» frå Danmark i november
 - Kyrkje- og kulturkveld i samband med bispevisitas i november. Her deltok svært mange lokale utøvarar frå mange ulike genrar. Utframføring av Passacaglia over «Eg veit i himmerik ei borg» komponert av Justin Vickery.
 - 1 tradisjonell adventskonsert i Gol kyrkje med lokale kor og solistar
 - 1 etter kvart tradisjonell konsert «Til Betlehem» arrangert av Audun Haugeplass m.fl i regi av fellestrådet og utøvd i Gol kyrkje

- Konsert i Herad kyrkje i samband med «Vårdansen» arrangert av Gol campingsenter og Herad sokneråd

Andre aktørar som har brukt kyrkjene:

- Ål-koret hadde konsert i Gol kyrkje i mars
 - Sangkveld i Herad kyrkje v/Frelsesarmeen i april
 - Jubileumskonsert Hallingdal Gospelkor
 - Konsert med Hanne Krogh og tre tenorar
- Det har vore engasjert fleire solistar til oppdrag på gudstenester og musikkinnslag på kveldsbøna i stavkyrkja – (fiolin, fløyte, trekkspel, saksofon, trompet, sang, kveding og hardingfele)
 - Det har vore 1 folkemusikkmesse i Gol stavkyrkje
 - Festgudsteneste for Frelsesarmeen med hornorkester
 - Kantoren har koordinert forsangargruppe som har delteke i ein del av gudstenestene
 - Kantoren spelar til alle kyrkjelege handlingar og gudstenester og på andakter og gudstenester på Helsetunet
 - Kantoren spelar på PU- sanggruppe annakvar veke saman med diakonen
 - Kantoren vår har skrive fleire nye musikkstykke som er framført i løpet av året

Trusopplæring

Trusopplæringsplanen er eit arbeidsreiskap for alt arbeidet til kyrkjelydspedagogen – plana skal evaluerast kvart år.

- Gjennomført 30 dåp i 2015, av desse hadde 19 bustadadresse i Gol. 3 av desse er døypt utanfor Gol kommune. 11 barn har bustadadresse andre stader, men er døypte i Gol
- 11 dåpsbesøkjalar som til saman hadde ansvar for 81 barn. Dåpsbesøkjalarane går på besøk til 1, 2 og 3-års dåpsdag
- Babysang i samarbeid med Frelsesarmeen (vekentleg samling 10 veker haust og 10 veker vår). 21 barn har delteke i 2015.
- Utdeling av bok til alle 4-åringane med samlingar i forkant av gudsteneste (10 barn møtte i 2015)
- Dåpsskule for 6-åringane – to samlingar på ettermiddag og gudsteneste (16 barn deltok i 2015)
- Tårnagenthelg for 8-åringar med samling og utforsking av kyrkjebygget på laurdag samt planlegging av gudsteneste og deltaking i gudsteneste søndag. (14 barn deltok)
- «Lys vaken» samling med overnatting i kyrkja for 10-åringar – (12 barn deltok)
- KA (Kyrkjeaktivitet)dag på skulen sin planleggingsdag i november. KA dagen var eit tilbod til barn i 1.- og 2. klasse. 7 barn deltok og 4 frå 8. klasse hjelte til med leik og aktivitet deler av dagen.
- 10 samlingar med «Gullrekka» som er eit barnearbeid for barn 4- 13 år. Fram til sumaren 2015 var alt arbeid i «Gullrekka» drive av frivillige, men er eit ledd i trusopplæringa. Frå hausten 2015 hadde kyrkjelydspedagogen ansvar for fellessamlinga på Gullrekka samt gruppa 10-13. Gruppe 4-6 og 7-9 er fortsatt drive av frivillige.
- Konfirmantleir og nattcup for konfirmantar (44 konfirmantar i Gol og Herad våren 2015)
- «Helmax helaften» - eit arrangement for ungdom frå heile Hallingdal i oktober 2015 på Gol bedehus. Trusopplæringa var arrangør. Ca 45 unge frå 8. klasse og oppover

deltok. Her var det volleyballturnering, taco, andakt, konkurransear, song og tid til å bli kjent med ungdom frå andre kommunar i Hallingdal..

- 5 barnehagar i Gol har vore med på julekrybbevandring i kyrkja før jul (delt på 3 samlingar). (103 personar deltok på dette i 2015. Detet talet er inkludert tilsette i barnehagen)
- Trusopplærar har frå hausten 2015 starta opp ungdomsgruppe på Gol bedehus 1 gong i månaden. Oppmøte har stort sett vore frå 8. klasse og 17 ungdomar har vore innom. For det meste ligg antalet på 10-12 frammøtte.
- Det er gitt leirstøtte til 6 ungdomar i løpet av 2015. D esse har vore på ulike KRIK-leirar. Støtta er gitt frå eit bunde fond som skal brukast til ungdomsarbeid.

Diakoni

Gol har ein godkjent diakoniplan som er arbeidsreiskap for diakonen. Planen skal evaluerast kvart år. I 2015 har diakonen hatt følgjande arbeid:

- Åpent hus – formiddagstreff for eldre på Gol bedehus ein gong i månaden
Den årlege turen for Åpent hus i august, gjekk til Hemsedal flatbrødbakeri. .
- Dugurdstreff – uformelt samvær ein formiddag i månaden på Gol bedehus.
Formiddagsmat og ulike tema om gamle dagar der deltakarane er med å bidreg
- Torsdagstreff for kvinner og barn - fleirkulturelt treff – eit samarbeid mellom Diakoniutvalet, Helselaget og Røde Kors. Blir gjennomført ein gong i månaden og ein tur om våren. Turen på våren gjekk til ein gard i Lio i Hemsedal. Det vart også opparbeida kjøkkenhage på Renslotunet der dei som ville delta fekk sin eigen parsell til å dyrke på.
- Sangstunder for psykisk utviklingshemma med diakon og organist kvar 14. dag. (20-25 deltakarar). Gruppa var også med på adventstund i Gol kyrkje..
- Eldres dag i Gol kyrkje i oktober i samarbeid med Gol Helselag
- Sangstunder og andakter på Helsetunet og i omsorgsbustader
- Lesestunder på Gol helsetun
- Breidokkstugu erindringsgruppe som blir drive av diakonen. Samlingane er på Breidokkstugu. (ca 10deltakarar)
- Besøk til 80, 90- og 100- åringar
- Fasteaksjon – dør-til-dør aksjon for Kirkens Nødhjelp der konfirmentane deltek. I 2015 vart det samla inn 49911 kroner på denne aksjonen.
- Diakoniutvalet har hatt ansvar for kyrkjekaffe på Allehelgensdag og nokon andre gudstenester. I tillegg hadde dei ansvaret for måltidet i Gol kyrkje i samband med gudstenesta skjærtorsdag kveld.
- Besøksteneste. Diakon, diakonarbeider og prest har til saman hatt 110 besøk i 2015
- Temakveld om sorg i samarbeid med presten like etter Allehelgensdag.
- Sorggruppe (5 deltakarar)

For meir detaljerte opplysningar om arbeidet under kapitel 44- sjå elles eiga årsmelding frå dei ulike tilsette som blir sendt sokneråda.

Utfordringar:

- Å stimulere tilsette og frivillige til arbeid i kyrkjelyden slik at gudstenesteliv, undervisning, barne -og ungdomsarbeid, kyrkjemusikk og diakoni kan bidra til god livskvalitet for kommunens innbyggjarar
- Engasjerer yngre menneske inn i arbeidet i kyrkja
- Fortsatt arbeid med organisering av kyrkja i framtida

- Evaluering og vidareutvikling av vedtekne planer
- Innføring av ny liturgisk musikk i samband med ny liturgi

Økonomien:

Rekneskapsresultatet for 2015 viser eit mindreforbruk i høve budsjett på 276 925,39 kr..

Det er fleire årsakar til dette mindreforbruket:

- På grunn av endra tidspunkt for utsending av faktura til konfirmantane, har inntekt for to kull kome på 2015. Dette utgje 35 500 kr
- I samband med flytting av gravminner, vart det bestemt at dei gravminna som trengte å sikrast betre, skulle boltast på nytt. Dette arbeidet var greitt å ta når ein likevel hadde gravminna nede. Dette var ikkje budsjettert og gav ei inntekt på 24 000 kr. Konsekvensen var at færre gravminne vart flytta, men fordelene er at alt arbeidet vart gjort samtidig og ikkje i to rundar
- Fleire stellavtaler på kyrkjegarden har gitt ein auke på 15 500 kr
- Ei stor konsert med Hanne Krogh som leigde Gol kyrkje, gav 21 140 kr i inntekter (16 000 kr over budsjett)
- Sjukerefusjon frå NAV på 13 487 kr utan bruk av vikar
- Statleg utjavningsstilskot til trusopplæring på 66 500 kr for to år som ikkje var varsla.
- I tillegg har straumutgiftene halde seg låge heile året og KLP pensjon vart lågare enn budsjettert. I 2014 fekk vi eit større beløp på pensjon enn rekna med.

Mindreforbruket er foreslege overført til kyrkjeleg fellesråd sitt disposisjonsfond..

Sluttord – utfordringar framover

Det ligg fortsatt mange spenningsmoment og utfordringar på alle reformer i kyrkja særleg på korleis kyrkja skal organiserast når stat og kyrkje nå skil lag. Ny liturgi og ny salmebok er innført og snart skal det takast stilling til ny liturgisk musikk.

Det som står att av rehabilitering har gått trått og er eit utfordring å få fart i att. Andre usikre prosjekt er lekkasjane på taket på Gol. Det går også seint å få løysingar for skjerm og prosjektor i kyrkjene.

Slutten av 2015 har vore eit år med mange ekstra oppgåver blant anna bispevisitas. Dette kombinert med langtidssjukemelding, har ført til at ein del oppgåver ikkje har vorte utført så fort som ynskjeleg.

Arbeidsmiljøet er ein viktig faktor for at tenestene me yter skal verta gode. Å utvikle gode samarbeidsrelasjonar og kjensle av fellesskap, samt kompetanseheving hjå tilsette er nødvendig for å utføre kvalitative tenester. Utvikling av brukarundersøkingar som kan gje ein peikepinn på kva som fungerer bra og potensiale for å endre ting, bør på plass.

Staben ved kyrkjekontoret i Gol har høg gjennomsnittsalder. 60% er over 60 år og 90% er over 50 år. På grunn av at fleire snart blir pensjonistar, vil det vera eit arbeid å gjera med å skaffe nye, kvalifiserte medarbeidarar.

Det er også viktig å gi innbyggjarane våre gode opplevingar i møte med kyrkja. For å gjere dette er samarbeidet med andre lag og organisasjonar, frivillige og Gol kommune særskild viktig;

Kommunen gir rammevilkåra for kva standard våre tenester har til innbyggjarane i Gol
Kommunen sine haldningar til kyrkja har vore gode og det er eit nært og godt samarbeid med
kommunen, noko fellesrådet er svært takknemlege for. Ein sit med ei kjensle av at vi lyfter i
lag. Det er likevel ein stor utfordring at kommunen nå står i ein vanskeleg økonomisk
situasjon, noko som også gjer seg gjeldande for overføringane til kyrkja.

Gol kyrkjelege fellesråd takkar tilsette, frivillige, soknerådsmedlemer, andre
samarbeidspartnarar og Gol kommune for godt samarbeid. Vi ser fram mot vidare godt
samarbeid i 2016.

Gol 25.02.2016

Anne Gerd Jorde
Anne Gerd Jorde
Kyrkjeverje



DEN NORSKE KIRKE
Gol kyrkjeleg fellesråd
Kommunehuset, 3550 Gol
Tlf. 32 02 90 00

Ola Grønseth
Ola Grønseth
Leiar Gol kyrkjeleg fellesråd